

# Protokoll frå styremøtet i Språkrådet 11. september 2008

*Til stades:* Ida Berntsen, Jan Olav Fretland, Tor Fuglevik, Ottar Grepstad, Jan Hoel, Silje Solheim Karlsen, Magni Øvrebotten  
*Frå sekretariatet:* Rikke Hauge (fungerande administrasjonssjef), Sylfest Lomheim (direktør), Eilov Runnestø (rådgjevar)  
*Møtestad:* Ivar Aasen-tunet, Hovdebygda  
*Møteleiar:* Berntsen  
*Referent:* Runnestø  
*Møtetid:* Kl. 10.00–14.40

## *Sakliste:*

### Vedtakssaker

- S 8.1/08 Førebels protokoll frå styremøtet 30. juni 2008
- S 8.2/08 Rekneskap per 31. juli 2008
- S 8.3/08 Verksemdsplanen 2008, status
- S 8.4/08 Språkmeldinga – konsekvensar for Språkrådet 2008/2009
- S 8.5/08 Overføring av språkressursar til Språkbanken
- S 8.6/08 Læreplanen, sidemålet og eksamen, frå fagrådet for skole og offentleg forvaltning
- S 8.7/08 Norsk musikk på norsk. Samarbeid mellom GramArt og Språkrådet?

### Informasjonssaker

- S 9.1/08 Styrerepresentanten for dei tilsette – brev frå Kultur- og kyrkje-departementet 6. august 2008
- S 9.2/08 Tiltakslista for 2008, status
- S 9.3/08 Personalsaker
- S 9.4/08 Rosings språkpris, tilbakemelding
- S 9.5/08 Språkdagen 2008
- S 9.6/08 Frå arbeidet i fagråda
- S 9.7/08 Språkpolitisk kontaktmøte
- S 9.8/08 Plan for etablering av Språkbanken
- S 9.9/08 Referat frå budsjettmøtet i departementet 6. august 2008
- S 9.10/08 Annan informasjon, bl.a. om saker på styremøtet den 20. november

### Eventuelsaker

Styreleiaren takka Ottar Grepstad for innbydinga til å halda styremøtet i Aasen-tunet, og for omvisinga og orienteringa som styret fekk før møtet.

Ho melde ei sak under Eventuelt: møtedatoar i 2009.

## Vedtakssaker

### S 8.1/08 Protokoll frå styremøtet 30. juni 2008

**Sakspapir:** Den førebelse protokollen frå junimøtet

**Vedtak:** *Styret godkjende den framlagde protokollen.*

### S 8.2/08 Rekneskap per 31. juli 2008

**Sakspapir:** Rekneskapen per 31. juli 2008

**Vedtak:** *Styret tok rekneskapen til etterretning.*

### S 8.3/08 Verksemdsplanen 2008, status

**Sakspapir:** Verksemdsplanen  
Avvik på verksemdsplanen per 1. september

**Vedtak:** *Avvika på verksemdsplanen blir godkjende. Òg dei faste jamlege oppgåvene bør setjast inn i verksemdsplanen, slik at ein kan sjå alle gjeremål i høve til kvarandre. Dette bør gjerast frå 2009. Det er elles ynske om at tiltakslista for 2008 blir lagd ved verksemdsplanen for 2008.*

### S 8.4/08 Språkmeldinga – konsekvensar for Språkrådet 2008/2009

**Sakspapir:** Notat frå direktøren 2. september 2008 med framlegg til vedtak  
Notat 27. august frå fagrådet for terminologi og fagspråk

St.meld. nr. 35 (2007–2008) *Mål og meining* vart drøfta i eit lite seminar i samband med møtet. Styret la særleg vekt på desse momenta:

*1 Styret vil be om eit møte med Kultur- og kyrkjedepartementet, der gjerne fagråda er med, og der ein m.a. tek opp administrative og organisatoriske konsekvensar av at Språkrådet skal vera eit nasjonalt satsingsorgan for ulike tiltak. Tema elles er kva slag kompetanse som trengst for dei ulike nye satsingsområda, om han kan kjøpast utanfor sekretariatet, ymse kompetanseutviklings-tiltak osv. Ressursar er viktige for å få gjennomført dei mange skisserte tiltaka, og styret er uroleg for dei økonomiske rammene, som meldinga ikkje omtalar.*

*2 Styret ser eit nytt fagråd 5 som den beste løysinga for å ivareta dei nye oppgåvene til Språkrådet.*

*3 Styret reknar med at sekretariatet, saman med fagråd 3, set i gang det språklege kartleggingsarbeidet som i alle høve må gjerast før arbeidet med*

*revisjonen av nynorsknorma blir sett i gang, og som kan gjerast uavhengig av drøftinga i Stortinget.*

*4 Styret har merka seg at det haldningsskapande arbeidet i norskundervisninga er lite synleg og lite vektlagt i Stortingsmelding nr. 23 (2007–2008) Språk bygger broer. Styret reknar med at denne nøkkelstrategien for å styrkja bruken av og omdømmet til norsk blir trekt fram når Språkrådet får høve til å koma med språkpolitiske innspel til Kunnskapsdepartementet.*

*5 Styret bed dei fire fagråda koma med innspel ut frå språkmeldinga til det neste styremøtet.*

*6 Styret reknar med at sekretariatet alt no prioriterer arbeidet med kontor-situasjonen, og vil bli halde jamleg orientert om utviklinga.*

## **S 8.5/08**     Overføring av språkressursar til Språkbanken

**Sakspapir:** Notat frå sekretariatet 26. august 2008

**Vedtak:** *Styret gjev direktøren fullmakt til å fullføra arbeidet med overføring av språkressursane etter Nordisk Språkteknologi Holding AS til Språkbanken i samsvar med vedtaket i interimsstyret for Språkbanken 10. september 2008.*

## **S 8.6/08**     Læreplan og eksamen i norsk grunnskule og vidaregåande skule

**Sakspapir:** Notat frå sekretariatet 29. august med framlegg til vedtak  
Notat 11. juni frå fagrådet for skule og offentleg forvaltning

**Vedtak:** *Styret viser til brev frå Språkrådet til Kunnskapsdepartementet 29. august 2008, der me understrekar behovet for meir haldningsskapande arbeid i heile utdanningsgangen frå barnehage til universitet. Styret meiner slikt arbeid må få større vekt enn det er tillagt i Stortingsmelding nr. 23 (2007–2008) Språk bygger broer.*

*Styret vil også understreka at i yrkesfaglege utdanningsprogram på vidaregåande skule bør timetalet aukast og læreplanen endrast, slik at undervisninga blir meir tilpassa ikkje-akademiske kompetansekrav.*

*Styret meiner elles at desse momenta må leggjast til grunn for arbeidet med evaluering i grunnskule og vidaregåande skule:*

- Elevane må ha obligatorisk eksamen i sidemål, parallelt med hovudmål*
- Elevane må ha ein eigen eksamensdag for sidemål, parallelt med hovudmålet*
- Det bør vurderast om eksamen for sidemålet på det 3. årssteget på vidaregåande skule kan haldast før jul*

*Styret gjev direktøren fullmakt til å vurdere kva kanalar og verkemiddel Språkrådet kan bruka for å få gjennomslag for det vedtaket styret har gjort i saka.*

**S 8.7/08**     Norsk musikk på norsk. Samarbeid mellom GramArt og Språkrådet?

**Sakspapir:**    Brev frå GramArt (Grammofonartistenes forening) 2. september 2008

GramArt har skrive til Språkrådet og bede om eit samarbeid for å setja søkjelyset på og stimulera til auka bruk av norsk i norsk musikk.

**Vedtak:**        *Styret er positivt til initiativet og bed sekretariatet følgja opp med tanke på samarbeidstiltak i 2009.*

## **Informasjonssaker**

**S 9.1/08**     Styrerepresentanten for dei tilsette – brev frå Kultur- og kyrkjedepartementet (jf. sakene S 1.1/08, S 3.1/08 og S 6.6/08)

**Sakspapir:**    Brev 6. august 2008 frå Kultur- og kyrkjedepartementet

Departementet tek opp korleis det definerer rolla til den styremedlemmen som er oppnemnd etter val av og mellom dei tilsette i sekretariatet, jf. vedtektene § 3 andre ledd. Det går også inn på nemningsbruken ”tilsettere representant” (bokmål ”ansattere representant”), brukt i protokollar frå styremøta i Språkrådet.

I rettleiaren frå 2006 frå Fornyings- og administrasjonsdepartementet, *Bruk av styre i staten*, er nemningane ”representantar for dei tilsette” og ”de ansattes representanter” (bokmål) nytta. Kulturdepartementet viser til denne rettleiaren i utdjupeinga av rolla til styremedlemmen frå sekretariatet, og peiker på at slik desse nemningane er brukte der og i styre i forvaltningsorgan elles, har departementet inga innvending mot orda ”tilsettere representant” (nynorsk) og ”ansattere representant” (bokmål).

Styret tok saka til orientering.

**S 9.2/08**     Tiltakslista for 2008, status

**Sakspapir:**    Tiltaksversikt 28. august som byggjer på det vedtekte budsjettet i februar og på tilleggstiltak vedtekte på styremøta i april og juni  
Kommentarar til tiltakslista

Styret tok saka til orientering.

S 9.3/08      Personalsaker

**Sakspapir:** Brev frå Hjelp 24 frå 20. august 2008; oppsummering om arbeidshelseundersøkinga ved Språkrådet i juni 2008

Styret tok saka til orientering.

S 9.4/07      Rosings språkpris, tilbakemelding

**Sakspapir:** Notat 28. august 2008 frå sekretariatet

Styret vart orientert om kven som sit i prisjuryen, og at arbeidet med å få kandidatar til Rosings språkpris har kome i gang.

S 9.5/08      Språkdagen 2008

**Sakspapir:** Notat 26. august 2008 frå sekretariatet

Styret tok saka om førebuinga til Språkdagen til orientering

S 9.6/08      Frå arbeidet i fagråda

**Sakspapir:** Frå fagrådet for samfunn og høgare utdanning: Sakliste til og referat frå møtet 16. juni

Frå fagrådet for skule og offentleg forvaltning: Referat frå møtet 11. juni, sakliste til møte 6. september

Frå fagrådet for normering og språkobservasjon: Sakliste til og referat frå møtet 11. august

Styret tok saka til etterretning.

S 9.7/08      Språkpolitisk kontaktmøte

**Sakspapir:** Notat 28. august 2008 frå sekretariatet

Direktøren har kontakta Riksmålsforbundet og Noregs Mållag for å førebu eit slikt kontaktmøte (jf. sak S 6.11/08) seinare i haust.

Styret tok saka til orientering.

S 9.8/08      Plan for etablering av Språkbanken

**Sakspapir:** Notat 26. august 2008 frå sekretariatet

Kopi av plan (rapport) for etablering av språkbanken, send Kultur- og kyrkje-departementet 15. august 2008

Styret tok saka til orientering.

S 9.9/08 Referat frå budsjettmøtet i departementet 6. august 2008

**Sakspapir:** Brev frå Kultur- og kyrkjedepartementet 20. august vedlagt referat frå budsjettmøtet med Språkrådet 6. august

Styret tok saka til orientering.

S 9.10/08 Annan informasjon

- Brev til Kunnskapsdepartementet 15. august 2008 om at parallellitetskravet i opplæringslova krev betre oppfølgingsrutinar
- Pressemelding frå Språkrådet 19. august om at elevane står utan lærebøker på nynorsk
- Brev til Kunnskapsdepartementet 29. august 2008 om eksamensordninga i norsk
- Orientering om det nordiske språkmøtet i Helsingør, Danmark, 4.–7. september. To store tema var lovgjeving som språkpolitisk verkemiddel og presentasjon av det nyleg fullførte arbeidet om importord i Norden
- Direktøren melde desse sakene til styremøtet 20. november:
  - arbeidet med nynorskrevisjonen
  - innspel frå fagråda til St.meld. nr. 35 (2007–2008) *Mål og meining*
  - evaluering av fagrådsarbeidet og organiseringa
  - oppnemning av nye fagrådsmedlemmer, eventuelt oppattnemning
  - strateginotatet
  - ei førebels budsjett-drøfting
  - Språknytt og omlegginga

**Eventuelt**

S 10.1/08 Møtekalender 2009

Torsdag 19. februar  
Torsdag 23. april  
Torsdag 11. juni  
Torsdag 17. september  
Torsdag 26. november

Møtetid: kl. 10.30–15.30

Oslo, 20. november 2008

Ida Berntsen  
leiar

Sylfest Lomheim  
direktør